

Saksbehandlar: Trine Lise Sagmo, Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/2629-3

Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022 Samferdsle

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutvalet for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda (i mill. kr):

Programområde	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
722 Fylkesveggar, miljø og trafikktryggingstiltak	555,817	459,611	463,511	385,811
730 Bilruter	247,693	247,693	247,693	247,693
731 Fylkesvegferjer	141,800	141,900	138,000	145,700
732 Båtruter	123,164	123,164	123,164	193,164
733 Tilrettelagd transport	9,900	9,900	9,900	9,900
Sum	1078,374	982,268	982,268	982,268

2. Hovudutval for samferdsle rår til ei prioritering på tenestenivå for 2019 i tråd med saksutgreiinga.

3. Hovudutval for samferdsle rår til å løyve 5,885 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskott i 2019 med følgjande fordeling:

- 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster
- 0,180 mill. kr i tilskott til sykkelbyen Førde
- 0,180 mill. kr i tilskott til sykkelbyen Florø
- 5,0 mill. kr i tilskott til tiltak for gåande og syklende – enkel fysiske tiltak i dei største sentrumsområda

4. Hovudutval for samferdsle rår til å løyve 0,175 mill. kr på teneste 4005 Til disposisjon for utvala i 2019.

5. Hovudutval for samferdsle legg til grunn ei fordeling av investeringsprogrammet for fylkesveggar 2019-2022 slik det går fram av pkt. 3 i saksutgreiinga.

6. Hovudutval for samferdsle støttar ikkje søknaden frå Solund kommune om refusjon av utgiftene til arbeid med reguleringsplan for bru over Ytre Steinsund.

7. Hovudutvalet for samferdsle legg målekartet i pkt. 5 til grunn for budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Vedlegg:

Brev frå Solund kommunen datert 12.9.2018 om refusjon av utgifter til reguleringsplan for bru over Ytre Steinsund.

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Innleiing – felles for alle hovudutvals sakene

Fylkestinget handsama i juni sak om økonomiplan 2019 - 2022. Følgjande sektorrammer vart vedtekne:

	2019	2020	2021	2022
Politisk styring, plan og forvaltning	184,612	174,743	175,398	174,743
Opplæring	857,479	853,896	853,896	853,896
Tannhelsetenesta	81,635	81,635	81,635	81,635
Næring og kultur	143,491	143,491	143,491	143,491
Samferdsle	1054,234	987,628	987,628	987,628
Sum sektorrammer	2321,451	2241,393	2242,048	2241,393

Det er desse rammene som vert lagt til grunn for det vidare budsjett - og økonomiplanarbeidet.

Økonomiplanrammene føreset at tapskompensasjonsordninga vert trappa opp. Viss det ved framlegg av statsbudsjettet viser seg at denne føresetnaden ikkje held, kan dette få konsekvensar for sektorrammene på eit seinare tidspunkt.

Hovudutvala skal no kome med ei tilråding til finansutvalet på sektoren sitt detaljbudsjett for 2019. Som sektorspesialistar har hovudutvala gode føresetnader for å nytte tildelt driftsramme på ein best mogleg måte.

Sektorrammene er inndelt i ulike programområde og tenester. Fylkestinget vedtok i juni ei fordeling for åra 2019-2022 basert på økonomiplan 2018-2021. Viss det i denne saka vert tilrådd omprioriteringar mellom ulike programområde og tenester må dette spesifiserast nærare.

2. Budsjett 2019 / Økonomiplan 2019-2022

Overordna budsjettammer

I samband med tertialrapport 2/17 vart det gjort ei fondsavsetjing på 57 mill. kr knytt til mindreforbruk på tunnelvedlikehald. I tertialrapport 1/18 vart det nytta 27,5 mill. kr av desse midlane. Resterande fondsmidlar på 29,5 mill. kr vert nytta i 2019.

I denne saka vert det tilrådd å overføre 5,36 mill. kr frå sektorramma til samferdsle til forvaltningsbudsjettet på teneste 4606 Diverse tilskott samferdsle. Dette er knytt til tilskott til enkle fysiske tiltak for gåande og syklende med 5 mill. kr og tilskott til sykkelbyavtalen med Førde og Florø på 0,36 mill. kr.

Det vert ut frå dette lagt opp til at ramma til samferdslesektoren for 2019 samla sett vert auka med 24,14 mill. kr frå 1054,2 mill. kr til 1078,374 mill. kr.

I tillegg til sektorramma er det løyvd 5,885 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskott samferdsle og 0,175 på teneste 4005 Til disposisjon for utvala. Desse løyvingane ligg på forvaltningsbudsjettet.

Fordeling av midlar på tenestenivå

I det følgjande er det synt framlegg til prioritering av samferdsleramma på dei ulike tenestene. I tabellane syner kolonne B-2018 dei tala som er lagt til grunn i tilrådinga i tertialrapport 2/18 som går parallelt med denne saka.

Programområde 400 Politisk styring, plan og forvaltning

Teneste 4005 Til disposisjon for utvala

Fylkesdirektøren tilrår å vidareføre ei løyving på 0,175 mill. kr. Løyvinga kan disponerast av utvalet i 2019.

Programområde 460 Tenester utanom ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde

Teneste 4606 Diverse tilskott samferdsle

Fylkesdirektøren tilrår ei løyving på 5,885 mill. kr. Løyvinga skal dekkje følgjande tiltak:

- 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster, jf. avtale med AL Fjellvegen Årdal – Luster. Det er lagt opp til å vidareføre løyvinga med likt kronebeløp slik som tidlegare år.
- 0,360 mill. kr til sykkelbyavtalane med Førde og Flora.
- 5 mill. kr i tilskott til tiltak for gåande og syklende – enkle fysiske tiltak i dei største sentrumsområda.

Programområde 722 Fylkesveggar, miljø og trafikktryggingstiltak

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7222 Fylkesveggar - drift og vedlikehald (netto)	590,379	529,559	433,353	437,253	359,553
7223 Fylkesveggar - uforutsette hendingar	0,700	15,000	15,000	15,000	15,000
7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar	1,200	1,200	1,200	1,200	1,200
7224 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane	5,000	5,000	5,000	5,000	5,000
7229 Fv. , miljø og trafikktiltak - adm.	4,978	5,058	5,058	5,058	5,058
Sum	602,257	555,817	459,611	463,511	385,811

Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald

Fylkesdirektøren tilrår ei løyving på 529,6 mill. kr knytt til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Fylkesdirektøren legg førebels opp til at midlane vert fordelt slik:

Tiltak	Beløp (i mill. kr)
Drift	211,000
Driftskontraktar (driftskontrakt, elektrokontrakt, refusjon kommunar, generell drift)	203,600
Andre faste driftsutgifter (straum, tilskot veglys og andre bundne kostnader)	7,400
Vedlikehald	468,314
Ordinært tunnelvedlikehald	30,000
Tunnel – tunnelrehabiliteringsplan	218,400
Bru/ferjekai – drift og vedlikehald	48,000
Fv. 60 Storelva bru (Utvik)	5,000
Dekkelegging/forsterking/vegmerking	92,000
Vegutstyr, miljø og andre tiltak (rekkverk, murar, grøfting, reparasjon m.m.)	74,914
Brutto drift og vedlikehald	679,314
Føresett mva. refusjon	-131,480
Skjønnsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdep. (Utvik)	-18,275
Netto drift og vedlikehald	529,559

Fordelinga på tiltak er førebels. Den endelege fordelinga av midlane til drift og vedlikehald vert gjort i samband med utarbeiding av leveranseavtalen for 2019 mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen.

Det er lagt opp til ei sterk satsing på tunnelvedlikehald knytt til plan for tunnelrehabilitering i 2019. Vi reknar med å nytte om lag 90 mill. kr meir til dette i 2019 i høve til budsjett for 2018. Dette fører til at andre vedlikehaldspostar vert noko redusert sett i høve til det vi nyttar i år.

Det er i 2019 føresett oppstart av rehabilitering av følgjande tunnelar: Fløga- og Eikenestunnelen på fv. 615, og Steiggje-, Finnsås- og Kolnostunnelen på fv. 53.

I juni behandla fylkestinget val av løysing for fv. 60 Storelva bru i Utvik, jf. FT-sak 24/18. Det vert no laga nytt kostnadsoverslag i samband med reguleringsplanen. Dette er ikkje ferdig enda. Det er førebels lagt opp til å nytte 5 mill. kr i 2019. Hovuddelen av kostnaden vil kome i 2020.

Teneste 7223 Fylkesvegar – utføresette hendingar

Det vert sett av 15 mill. kr til å møte utføresette hendingar på fylkesvegnettet.

Teneste 7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar

Rammene til trafikktryggingarbeidet vert vidareført med 1,2 mill. kr.

Teneste 7224 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane

Rammene til tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane vert vidareført med 5 mill. kr

Teneste 7229 Fv., miljø og trafikktiltak - adm.

Det er sett av 5,1 mill. kr til lønns- og administrasjonskostnader på fylkesvegområdet.

Programområde 730 Bilruter

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7300 Buss - kjøp av teneste	214,928	218,746	218,746	218,746	218,746
7301 Buss - skuleskyss u.transp./div. grunnskulen	0,513	0,500	0,500	0,500	0,500
7302 Buss - skuleskyss vidaregåande skule	1,949	1,400	1,400	1,400	1,400
7303 Ungdomstilbod	4,207	3,800	3,800	3,800	3,800
7306 Diverse kollektiv	13,645	13,265	13,265	13,265	13,265
7309 Bilruter - kontorbudsjett	9,982	9,982	9,982	9,982	9,982
Sum	245,224	247,693	247,693	247,693	247,693

Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste

Fylkeskommunen skal kjøpe tenester gjennom dei tre bussanboda for 216,9 mill. kr. I denne summen inngår fylkeskommunale bussruter inkludert det meste av skuleskyss til grunnskule og vidaregåande skule.

Fylkeskommunen har avtale om at kommersielle ekspressbussruter skal nytte fylkeskommunale takstar og tilby plassgaranti på reiser innanfor fylket. Selskapa får ein delvis kostnadskompensasjon. Dette har ein forventet kostnad på totalt 1,1 mill. kr i 2019.

Det er sett av 0,7 mill. kr. til Oppland fylkeskommune for medfinansiering av ruta Fagernes-Tyin-Lærdal.

For 2019 blir det i hovudsak lagt opp til ei vidareføring og tilpassing av dagens rutetilbod.

Teneste 7301 Buss – Skuleskyss Undertransportørar/ div. grunnskulen

Det er sett av 0,5 mill. kr. til mellombels skyss ved skade/sjukdom.

Teneste 7302 Buss – Skuleskyss vidaregåande skule

Det er sett av 0,3 mill. kr til Møre og Romsdal fylkeskommune for vgs-elevar som reiser på deira ruter til Stryn vgs.

I tillegg kjem diverse skyss, m.a. skyss ved skade/sjukdom, privat skyss, skyss i andre fylke og utplassering. Det er sett av 1,1 mill. kr til dette i 2019.

Teneste 7303 UngdomstilbodUngdomskort

Ungdomskortet bidreg til at ungdommar innarbeider gode vanar med å reise kollektivt, og fylkeskommunen vurderer derfor tiltaket som positivt. Ungdomskortet gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise så mykje dei vil med kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane for 365 kr. pr måned.

Det er sett av totalt 2,3 mill. kr til ungdomskort i 2019, fordelt med 1,3 mill. kr på buss og 1,0 mill. kr på teneste 7323 Båt – diverse.

"Trygt heim for ein 50-lapp"

«Trygt heim for ein 50-lapp» er eit tilbod om skyss heim natt til søndag. Det er budsjettert med 1,5 mill. kr til dette i 2019.

Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

Kommunane kan søke om midlar til fleksible skyssløysingar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år. I 2018 var det 16 kommunar som nytta LTU - midlar. Det er sett av 1,0 mill. kr til dette tilbodet i 2019.

Teneste 7306 Diverse kollektivRuteinformasjon/marknadsføring

Ein konsekvens av anbudsutsetjinga på buss og båt er at fylkeskommunen overtek inntektsansvaret og dermed òg ansvar for marknadsføring av kollektivtilbodet. Det er sett av 2,9 mill. kr til marknads- og informasjonsaktivitetar.

Drift av Ruteopplysninga 177 har ein kostnad på 0,6 mill. kr.

Passasjerterminalar

Tenesta omfattar leigekostnad til terminalar/venterom i fylket. Det er sett av 5,3 mill. kr til føremålet.

Elektronisk billettering

Det er sett av 3,3 mill. kr til kostnader til leige av betalingsterminalar og drift av billettsystemet.

Diverse

Det er sett av 1,2 mill. kr. til diverse kostnader.

Teneste 7309 Bilruiter - kontorbudsjett

Løyvinga på 9,982 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til bilruiter.

Programområde 731 Fylkesvegferjer

Teneste	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7310 Fylkesvegferjer	125,730	141,800	141,900	138,000	145,700
Sum	125,730	141,800	141,900	138,000	145,700

Det er sett av 141,8 mill. kr til drift av fylkesvegferjer i 2019. Det er svingingar mellom dei ulike åra pga svingingar i driftsutgiftene, vedlikehaldssyklus, avskrivning og renter.

Programområde 732 Båtruter

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7321 Båt - skuleskyss/veglause grender	4,925	4,921	4,921	4,921	4,921
7322 Båt - ekspress- og lokalruiter	99,393	112,613	112,613	112,613	182,613
7323 Båt - diverse	6,422	4,600	4,600	4,600	4,600
7329 Båtruter - administrasjon	1,03	1,030	1,030	1,030	1,030
Sum	111,770	123,164	123,164	123,164	193,164

Teneste 7321 Båt – Skuleskyss/veglause grender

I denne tenesta ligg mindre, lokale avtalar om båttransport. Fleire av desse har relativt kort tidshorison og vert justerte etter behov. Dei kommunale rutene i Luster og Selje ligg òg på denne posten.

Det er budsjettert med 4,9 mill. kr til dette i 2019.

Teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruiter

Dei fire store anbudskontraktane på båt er budsjettert på denne tenesta. Dette omfattar Norled si avtale om ekspressbåtruter til og frå Bergen og Fjord1 sine lokalbåtavtalar i indre Sogn, ytre Sogn og Florabassenget inkl. Kystvegekspressen og lokalbåt i Vågsøy.

Endringar i drivstoffindeksen som ligg til grunn for regulering av kontraktane får store konsekvensar for kontraktsgodtgjersla. I reguleringa for 2019 ligg det an til ein auke i drivstoffindeksen på opp mot 20 %. Dette medfører behov for om lag 13 mill. kr meir til ekspress- og lokalruiter i 2019 enn i 2018.

For 2019 er det lagt opp til ei vidareføring av dagens rutetilbod.

Det er sett av 112,6 mill. kr til ekspress- og lokalbåtruter i 2019.

Teneste 7323 Båt - Diverse

Godsruta

Det er sett av 3,6 mill. kr til godsbåtrute frå Bergen til Solund og Askvoll.

Diverse

Det er sett av 1,0 mill. kr til ungdomskort på båt i 2019.

Teneste 7329 Båtruter - administrasjon

Løyvinga på 1 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til båtruter.

Programområde 733 Tilrettelagt transport

Teneste	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
7331 Tilrettelagd transport	10,978	9,900	9,900	9,900	9,900
Sum	10,978	9,900	9,900	9,900	9,900

Teneste 7331 Tilrettelagt transport

Tilrettelagt transport

Det er sett av 6,4 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport.

Fylkeskommunen samarbeider med alle kommunane i fylket, og kommunane får tildelt midlar etter folketal.

Sogn og Fjordane har vore med i ei utvida TT-ordning for blinde/svaksynte og rullestolbrukarar i 2018. Ordninga er finansiert av midlar frå Samferdselsdepartementet. Det vil vere aktuelt å vidareføre ordninga dersom ein får tilsvarende finansiering i 2019.

Serviceskyss

I 2018 har 25 kommunar tilbod om serviceskyss, der kvar kommune har utarbeidd tilbod for sin kommune. Samferdsleavdelinga vil jobbe for å vidareutvikle tilbodet i 2019.

Det er sett av 3,6 mill. kr til Serviceskyss i 2019.

Økonomiplanperioden 2019-2022

I økonomiplansaka i fylkestinget i juni 2018 (FT-sak 31/18) vart det peikt på fleire forhold som utfordrar samferdslerammene framover. Dette var bortfall av særskilt tilskott til oppfølging av tunneltryggleiksforskrifta frå 2020, aukande kostnader på kollektivområdet (drivstoffprisar) samt ev. bestilling av nullutsleppsteknologi innanfor båtområdet. Fylkestinget vedtok å auke ramma til samferdslesektoren med 9 mill. kr i behandlinga av denne saka.

Når det gjaldt dei økonomiske utfordringane knytt til tunnelrehabiliteringsplanen frå 2020 vart det i saksutgreiinga sagt at denne utfordringa var så stor at vi ikkje har økonomisk handlingsrom i økonomiplanen til å auke løyvinga. Denne problemstillinga må såleis løftast inn i økonomiplanarbeidet for det nye fylket.

Vi ser allereie i 2019 at auke i drivstoffprisar legg press på dei økonomiske rammene.

Nye anbod på lokal- og ekspressbåttjenester startar opp drift frå 1. mai 2022. Det er venta at krav til utslepp, universell utforming m.m. kan gje ein kostnadsvekst på opp mot 100 mill. kr årleg. I 2022 er det derfor lagt inn ein auke på 70 mill. kr for perioden mai-desember.

Fylkesdirektøren vil peike på at det er nødvendig med ein monaleg auke i samferdslerammene frå 2020 og utover dersom det skal la seg gjere å følgje opp plan for tunnelrehabilitering på fylkesvegnettet og fase inn ein ev. nullutsleppsteknologi i dei nye båtanboda.

3. Investeringsprogram for fylkesvegar 2019-2022

I tertialrapport 2/18, som går parallelt med denne saka, har fylkesrådmannen tilrådd endringar/ forskyvingar som vil påverke investeringsprogrammet for seinare år. I tillegg er det gjort endringar i årsfordelinga på enkelte andre prosjekt som følgje av oppdaterte vurderingar knytt til framdrift. Desse justeringane påverkar ikkje den samla kostnaden i prosjekta. Dette gjeld følgjande prosjekt:

- Fv. 698 Blaksetunnelen
- Fv. 303 Seimsdalstunnelen
- Førdepakken
- Fv. 614 Breivika – Svelgen (gang- og sykkelveg)
- Fv. 633 Kleiva (skredsikring)
- Fv. 722 Flovegen (skredsikring)
- Grunnverv m.v. for avslutta skredsikringsprosjekt

I tillegg er det gjort nye vurderingar på enkelte andre prosjekt. Nedanfor følgjer ein kort omtale av desse vurderingane og dei økonomiske konsekvensane i høve gjeldande investeringsprogram.

Store prosjekt:

Fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru: Fordeling av løyvinga pr. år er endra på bakgrunn oppdaterte vurderingar om framdrift. Det er lagt inn 5 mill. kr til prosjektering og førebuaende arbeid i 2019.

Samferdsledepartementet har i brev datert 13. september 2018 godkjent prosjektet som ferjeavløysingsprosjekt. Vi har framleis ikkje fått fastsett berekning av ferjeavløysingsmidlane og lengde på utbetalingsperioden frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Fylkesrådmannen var i kontakt med KMD den 5. september, og det vart opplyst at dette har teke noko tid m.a. grunna oppmodingsvedtaket frå Stortinget si handsaming av Kommuneproposisjonen 2019. Dersom Stortinget gjer vedtak om endring i ordninga i tråd med oppmodingsvedtaket, kan dette få konsekvensar for lengda på utbetalingsperioden.

Ut frå retningslinjene for ferjeavløysingsordninga må KMD si behandling av søknaden føreligge før fylkestinget kan gjere endeleg vedtak om prosjektet. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dette så snart det føreligg formelt svar frå KMD.

Mindre utbetringar:

- Vevring bru II/ Ufordelt løyving brutiltak: Prosjektet i Vevring hadde ei løyving på 5 mill. kr i 2019 og 10 mill. kr i 2020. Eksisterande bru er no i 2018 blitt utbetra, slik at det ikkje er kritisk med ny bru. Tiltaket vert difor tilrådd teke ut av investeringsprogrammet.

Løyvinga til Vevring bru II på 15 mill. kr er førebels vidareført som «Brutiltak – ufordelt». Det er eit stort behov for oppgradering av bruer og Statens vegvesen må gjere ei nærmare vurdering av aktuelle bruprosjekt som kan utførast i 2019/2020. Det føreligg fleire aktuelle bruer innanfor kostnadsrammer på 10-30 mill. kr. Fylkesrådmannen vil kome attende til denne løyvinga, og ei ev. konkretisering av denne, når Statens vegvesen har gjort sine vurderingar. Eit anna alternativ er å sjå denne løyvinga i samanheng med løyvinga til gang- og sykkelvegprosjektet fv. 607 Heggebø – Leirvik, jf. omtalen under.

- Fv. 618 Barmen – Barmsund: Løyvinga er redusert frå 2 mill. kr til 1 mill. kr grunna endra prognosar i prosjektet.
- Tiltak for framkome og trafikktryggleik: Det er sett av 15 mill. kr årleg i åra 2018-2021. Ved rullering av økonomiplanen for 2022 vart denne sekkeposten ved ein feil ikkje vidareført. Dette vert no retta opp med at det vert lagt inn ei løyving 15 mill. kr i 2022.

Det er ønskjeleg å fastsette prioritering av midlane i samband med budsjett 2019 for å kunne kome tidleg i gang med arbeidet rett over nyttår. Ved handsaminga av RTP i desember 2017 vart det vedteke at prosjekt knytt til fv. 724 Oldedalen og fv. 615 Hyen – Storebru skulle vurderast innafor denne løyvinga. Det vert tilrådd følgjande prioritering av desse midlane i 2019 og 2020:

Tiltak	2019	2020
Fv. 241 Møteplassar Bakka i Aurland	0,4	
Fv. 724 Oldedalen, mindre punkttiltak	3,0	
Fv. 615 Hyen-Storebru, mindre punkttiltak	3,0	7,0
Fv. 55 Utviding av veg i Fortun for å på plass til oppsett av rekkverk	8,5	1,5

Fv. 152 Bom og snuplass, Moldeskreda	0,1	
Fv. 53 Holsbru – omlegging av veg		5,0
Førebels ufordelt		1,5
Sum	15,0	15,0

Fv. 53 Holsbru er blitt prioritert då dette er eit tiltak som kan gjennomførast med ein kostnad på 5 mill. kr dersom dette vert utført samstundes med skredsikringsprosjektet fv. 53 Ljoteli. Vinsten er knytt til at vi kan plassere massar frå Ljoteli i veglinja for Holsbru. Dersom Holsbru skal byggjast seinare, vil dette koste om lag 25 mill. kr. Reguleringsplan for Holsbru er under utarbeiding, og er finansiert med tilskott frå Årdal kommune.

Gang- og sykkelveggar:

Fv. 607 Heggebø – Leirvik (Hyllestad): Prosjektet har ei løyving på 15 mill. kr i 2019. Statens vegvesen melder om eit førebels kostnadsoverslag på 32 mill. kr. Dette har fylkesrådmannen stilt spørsmål ved, og Statens vegvesen har fått i oppdrag å vurdere kva som kan utførast innanfor gjeldande løyving på 15 mill. kr. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til dette når vi har fått ei ny vurdering frå Statens vegvesen.

Som nemnt over kan det bli aktuelt å sjå løyvinga til dette prosjektet i samanheng med ufordelt løyving til brutiltak.

Trafikktryggingstiltak:

Løyvinga i 2019 vil gå til busslomme Nordalsfjord (Strømsneskrysset) og til rekkverkstiltak.

Planlegging og prosjektering:

Løyvinga er auka med 1 mill. kr i 2019 for å ta høgde for tidlegare oppstart av arbeidet med reguleringsplan for Atløysambandet. Tilsvarande er løyvinga redusert med 1 mill. kr i 2021.

Skredsikring:

Det er sett av 20 mill. kr årleg til mindre skredsikringstiltak i perioden 2019-2022. Fylkesrådmannen tilrår å nytte 33 mill. kr til dette i 2019. For å halde samla ramme i perioden vert løyvinga til mindre skredsikringstiltak i 2022 redusert med 13 mill. kr. Desse prosjekta med høg skredfaktor er prioritert i 2019:

- Fv. 241 Nautgrovi i Aurland, 3 mill. kr: Det er no semje med kommunen om kva tiltak som vert sett i verk og det er planlagt at det skal byggjast skredovervaking (geofonanlegg). Prosjektet hadde ei løyving i 2017, men denne vart trekt inn grunna usemje med kommunen.
- Fv. 691 Åstranda i Gloppen, 30 mill. kr: Strekinga er utsett for snø- og sørpeskred. Det er planlagt å bygge to rasvollar og prosjektet bør gjennomførast i løpet av ein sommarsesong.

Framlegg til investeringsprogram med tilhøyrande finansieringsprogram vert etter dette slik:

INVESTERINGSPROGRAM (faste -2018-kr)	SUM I PERIODEN	2019	2020	2021	2022
Store prosjekt	2 385,7	157,7	505,0	908,7	814,3
Fv. 60 Uгла-Skarstein	5,1	5,1			
Fv. 698 Blaksetunnelen	227,1	80,0	80,0	67,1	
Fv. 303 Seimsdalstunnelen	271,3	10,0	132,8	118,5	10,0
Avviksfond tunnel	50,0			50,0	
Førdepakken - fylkesvegprosjekt	634,2	57,6	137,2	243,1	196,3

Fv. 606 Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	770,0	5,0	140,0	280,0	345,0
Fv. 614 Svelgen - Indrehus	428,0		15,0	150,0	263,0
Mindre utbetringar	276,3	34,0	145,0	82,3	15,0
Tiltak for framkome og tryggleik	31,5		1,5	15,0	15,0
Brutiltak - ufordelt	15,0	5,0	10,0		
Fv. 624 Husevågøy ferjekai	18,0	3,0	15,0		
Fv. 577 Øvrebotn bru I og II (Bremanger)	5,0	5,0			
Fv. 618 Barmen - Barmsund (ferjekai)	1,0	1,0			
Fv. 611 Sæle - Engebø	117,3		50,0	67,3	
Fv. 57 Dale-Storehaug	60,0	5,0	55,0		
Fv. 53 Holsbru	5,0		5,0		
Fv. 241 Møteplassar Bakka i Aurland		0,4			
Fv. 724 Oldedalen, mindre punkttiltak		3,0			
Fv. 615 Hyen-Storebru, mindre punkttiltak		3,0	7,0		
Fv. 55 Utviding Fortun		8,5	1,5		
Fv. 152 Bom og snuplass, Moldeskreda		0,1			
Gang- og sykkelvegar	89,2	42,3	39,3	6,3	1,3
Fv. 548 Brandsøyvegen (tilskot)	5,2	1,3	1,3	1,3	1,3
Fv. 614 Breivika - Svelgen (Bremanger)	44,0	16,0	23,0	5,0	
Fv. 607 Heggebø - Leirvik (Hyllestad)	15,0	15,0			
Fv. 548 Brandsøy - Solheim (delprosjekt)	25,0	10,0	15,0		
Trafikktryggingstiltak	52,0	13,0	13,0	13,0	13,0
Planlegging og prosjektering	28,0	8,0	7,0	6,0	7,0
Kollektivtrafikktiltak	4,0	1,0	1,0	1,0	1,0
Skredsikring	1 331,0	210,9	350,5	440,5	329,1
Fv. 633 Tunnel Kleiva	30,5	30,5			
Fv. 722 Flovegen	614,1	133,5	180,0	170,0	130,6
Fv. 53 Ljoteli	335,0	10,0	150,0	150,0	25,0
Fv. 241 Nautgrovi	3,0	3,0			
Fv. 691 Åstranda i Gloppen	30,0	30,0			
Prosjektering mindre tiltak	2,0	0,5	0,5	0,5	0,5
Mindre skredsikringstiltak - ufordelt	47,0		20,0	20,0	7,0
Fv. 55 Kjenes	266,0			100,0	166,0
Grunnerverv m.v. for avslutta skredsikringsprosjekt	3,4	3,4			
SUM INVESTERING	4 166,2	466,9	1 060,8	1 457,8	1 180,7

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2019	2020	2021	2022
Mva. kompensasjon	401,6	35,5	104,5	141,9	119,7
Fondsmidler	635,7	162,9	254,1	218,7	
Lånemidler	1 123,7		194,5	393,6	535,6
Førdepakken - bompengar	397,2	7,5	84,1	170,8	134,8
Førdepakken - mva. refusjon	112,8	10,8	24,8	44,0	33,2
Førdepakken - (lånemidler)	124,3	39,4	28,3	28,3	28,3
Anleggsbidrag Sæle - Engebø	40,0		20,0	20,0	
Statleg tilskott - skredsikring	1 084,8	171,9	285,7	359,0	268,2
Mva. kompensasjon - skredsikring	246,2	39,0	64,8	81,5	60,9

SUM FINANSIERING	4 166,2	466,9	1 060,8	1 457,8	1 180,7
-------------------------	----------------	--------------	----------------	----------------	----------------

4. Eksterne søknadar

Refusjon av utgifter til reguleringsplan for bru over Ytre Steinsund

Solund kommune har i brev datert 12.9.2018 (vedlagt) søkt om å få refundert utgifter knytt til arbeid med reguleringsplan for bru over Ytre Steinsund.

Fylkesdirektøren ser ikkje at det er grunnlag for at Solund kommune skal få refundert desse utgiftene. Kommunen valde sjølv å starte reguleringsplanarbeidet ut frå ei vurdering av at dette var fordelaktig i høve til å få prosjektet prioritert som eit ferjeavløysingsprosjekt i investeringsprogrammet. Solund kommunen har heller ikkje søkt om å få forskottere midlar til prosjektet.

5. Målekart

Målekartet skal rullerast i samband med budsjettprosessen. Det vert tilrådd å endre ambisjonsnivået for tal reisande med buss (ekskl. skuleskyss) frå 1,7 mill. reisande til 1,4 mill. reisande. Dette grunna i at enkelte ruter er tenke ut frå det fylkeskommunale rutekjøpet og kommersialisert.

Det vert ikkje lagt opp til å gjere andre endringar i gjeldande målekart for samferdslesektoren.

FOKUSOMRÅDE		SUKSESSFAKTOR		MÅLEINDIKATOR		AMBISJONSNIVÅ	
<u>TENESTEYTING</u>							
Samferdsle	T7	Fleire reiser kollektivt med buss og båt.	T7.1	Tal reisande med buss, båt (ekskl.skuleskyss).	T7.1-1	Fleire enn 1,4 mill. reisande med buss.	
					T7.1-2	Fleire enn 560 000 reisande med båt.	
	T8	Fylkesvegnettet har god framkome.	T8.1	Gjennomsnittleg spordjupne i mm.	T8.1-1	Mindre enn 19 mm.	
	T9	Kollektivtrafikk-tilbodet vert opplevd som godt.	T9.1	Tal som opplever tilbodet som godt.	T9.1-1	Positiv utvikling over tid.	
<u>REGIONAL UTVIKLING</u>							
Samferdsle	R15	Forfallet på tunnelar blir redusert.	R15.1	Tal tunnelar som vert mørkklagde eller stengde i løpet av året.	R15.1-1	Ingen stengde.	
					R15.1-2		
	R16	Godt tilrettelagt ruteproduksjon.	R16.1	Tal passasjerkilometer med buss og båt (ekskl. skuleskyss) jf. registrerte data.	R16.1-1	Positiv utvikling over tid.	

5. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere prioriteringar på samferdslebudsjettet og investeringsbudsjettet slik det går fram av saksutgreiinga.

Søknaden frå Solund kommune om refusjon av utgiftene til arbeid med reguleringsplan for bru over Ytre Steinsund vert ikkje støtta.

